



#### Måltidsrutiner:

Ca kl 06: tilbud om tidlig frokost.

Ca kl 07.30: havresuppe

Ca kl 09: frokost

Ca kl 13: middag

Ca kl 16: kaffemat

Ca kl 19: kveldsmat

Ca kl 21: seinkvelds.

Me håper denne informasjonen kan vere nyttig for deg som pårørande og som bebuar ved somatisk avdeling.

Ta gjerne kontakt om du lurer på noko.


**Følg oss på Ølen omsorgssenter si facebook side**

- Ansvarsvakt: 53 65 60 90
- Treng du kontakt med oss før kl 10 ring merkantil: 53 65 60 23
- Avdelingsleiar: 902 17 491 kl 08-15

**Ha ein fin dag!**



**Velkommen til  
Somatisk avdeling  
Ølen omsorgssenter  
Vindafjord kommune**





Somatisk avdeling er ein avdeling for deg som har behov for langtidsopphold. Me har delt avdelingen i avdeling aust og avdeling vest. Du kan fritt bruke begge fellesstover om du vil det.

Me har eit ønske om at me ilag med deg skal lage ein best mulig kvardag. Me ønsker å vite kva som er og kva som har vore viktig for deg i ditt liv. Me ønsker å oppleva gode stunder ilag med dei som har heimen sin her.

Du som pårørande er hjertelig velkommen på besøk kor tid som helst. Helgedagar og etter kl 15.30 ellers er hoveddøra stengt og ein må nytte ringeklokka på veggen ved inngangsdøra.

**Primærgruppe:** Alle bebuarar har ei primærgruppe som har ekstra ansvar for å følgje opp bebuaren. Det heng oversikt over primærgruppe på rommet til bebuaren. Primærgruppa har særleg ansvar for samarbeidet med deg og dine pårørande. For spørsmål angående helsetilstand, medisiner og liknande ber me om at du tar kontakt med ansvarleg sjukepleiar på vakt.

**Kler:** Alle kler må merkes med navn og Ølen Omsorgssenter. Ta kontakt med oss hvis du treng vite kor navnelapper bestilles. Private kler blir vaska ved Vindafjordtunet, kler må tåle maskinvask 40gr.

**Tilsynslege:** Tilsynslege har legevisitt 1-2 dagar per veke. Har bebruar behov for legehjelp utanom desse dagane blir legevakt kontakta.

**Elevar/studentar:** Ølen Omsorgssenter bidrar med praksisplasser for elevar og studentar. Dei går ilag med våre faste tilsette. Dei utfører sjølvstendig arbeid når personalet vurderer at det er faglig forsvarlig

**Aktivitetsavdeling:** Bebruarane får tilbod om å vere med på aktivitetsavdeling måndag til torsdag etter lunsj. Lokalet aktivitetsavdeling kan leiges til fest,

**Internett og TV:** gratis wifi: Logg deg inn på "VNDGIEST", trykk "opprett konto", skriv ditt navn på brukernavn og før inn ditt mobilnr, du får passord tilsendt til mobilen din. Du må ha eget TV på ditt rom og ha egen boks til Riks TV. Du vil bli spurta om du godkjenn at me legg ut bilder på facebook sida vår.

**Transport:** Omsorgssenteret dekker utgifter til transport og time hos spesialister. Me oppfordrer pårørande som ønsker det om å følge til timar hos spesialist.

**Møbler :**Rommet har seng og nattbord. Ellers må du ha dine private møbler på rommet. Me anbefaler ein god stol og møbler som ikkje er for store og tunge.

**Toalettsaker:** Du må kjøpe hygieneartikler som hårpleie (utenom shampoo), deodoranter, tannkost og tannkrem.

**Verdisaker:** Avdeling kan ikkje ta ansvar for penger eller verdisaker på rom. Du kan be om at penger låses inn, både du og personal signerer for sum inn og ut.

**Reinhold:** rommet ditt blir vasket 2 ganger per veke. Fellesrom kvar vekedag.